

Elektroniske tenester

Elektroniske svar

Vi har teke i bruk elektronisk svarformidling som kan nyttast av alle rekvirentar med journalsystem som er i stand til å ta imot elektroniske svar etter nasjonal standard. Dei fleste av våre rekvirentar er no tilkopla elektronisk svarformidling, både sjukehus, legekontor og enkelte sjukeheimar.

Elektronisk rekvirering (IHR, Interaktiv Henvisning og Rekvirering)

I dag er alle primærlegekontor i Sogn og Fjordane kopla til interaktiv henvisning og rekvirering (IHR). Rekvirenten fyller ut nødvendig informasjon om prøven (prøvane) på sin eigen PC og får ut ferdige etikettar til prøveglasa. Informasjonen vert umiddelbart overført elektronisk til vårt laboratoriesystem og ligg klar til prøven vert motteke i laboratoriet. Dette vert sikrere både for primærlegekontoret og laboratoriet, og gjev auka pasienttryggleik. Elektronisk rekvirering frå sjukehusavdelingane i Helse Førde er framleis ikkje mogleg, men vil truleg kome med ny versjon av DIPS.

Sist oppdatert

07.11.18 Reidar Hjetland